

Årsmelding 2021

Voss herad



Voss herad

Innhald

Rådmannen har ordet.....	3
Økonomisk status og utvikling	3
Organisasjon	10
Satsingsområde.....	16
Berekraft og klima.....	20
Koronapandemien 2021	26
Kommunen sine tenesteområde.....	28
Administrasjon og leiling.....	28
Plan, næring og forvaltning.....	31
Samferdsel	34
Eigedom og bustad.....	39
Brann og ulukkesvern	44
Vatn, avlaup og renovasjon	47
Politisk styring.....	52
Finansielle postar/økonomi.....	53
Grunnskule	54
Barnehage	59
Barne- og familietenestene.....	62
Integrering og vaksenopplæring	66
Helse	68
Omsorg	70
Sosialtenester	73
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	76
Vossabadet og Voss Idrettshall KF	82
Årsrekneskap.....	84
Forskriftsskjema konsolidert rekneskap 2021	90

Rådmannen har ordet



Ved inngangen til 2021 starta vaksininga mot Covid-19. Forventningane var store til at 2021 skulle vera året då me kunne avslutta pandemihandteringa og gå tilbake til normalen. Slik vart det ikkje. Vaksineleveransar og smittetal kom i ujamne bølger. Landet vart stengt ned ved fleire høve. Året vart i høgste grad prega av at pandemien hadde fyrsteprioritet. Dyktige tilsette i alle deler av organisasjonen gjorde til at Voss herad kom seg greitt gjennom pandemien, både med å gjennomføra vaksining og slå ned alle smitteutbrot.

Dyktige medarbeidarar har òg gjort at den vanlege drifta har gått bra sjølv om handtering av pandemien har kome i fyrste rekkje. Organisasjonen er i positiv utvikling. Me haustar frukter av organisasjonsutviklinga som skjedde i samband med kommunesamanslåinga, sjølv om me ynskjer å arbeida vidare med å utvikla oss endå meir.

2021 var året då knappleik på arbeidskraft vart meir merkbar enn før. Innanfor alle tenestoområde i heradet er det no vanskelegare å rekruttera enn før, og for mange leiarar handlar mykje av kvardagen om å skaffa vikarar for å halda hjula i gong. Dei demografiske utsiktene syner at dette ikkje er forbigåande om me fortset som før. Dermed er behovet for omstilling framover ikkje berre grunna i knappe økonomiske rammer.

Eg vil takka alle tilsette for den framifrå innsatsen som vert lagt ned for Voss herad sine innbyggjarar sitt beste. Eg vil òg takka for det gode samarbeidet mellom politisk og administrativt nivå.

Mvh,
Arild McClellan Steine

Økonomisk status og utvikling

Her finn du ei vurdering av korleis den økonomiske situasjonen til Voss herad har utvikla seg og forklaring av utviklinga i finansielle måltal, sentrale inntekter, finanspostar og avsetting til fond. Voss herad kan syna til gode tal og resultat for 2021. Det er likevel vel å merka seg at dette i hovudsak er takke vera sentrale inntekter, og kommunen har store meirforbruk i høve budsjett på fleire tenesteområde. Resultatet skuldast difor ikkje at utøvande tenesteområde har redusert utgiftene, eller brukt mindre enn tildelte rammer. Økonomisk resultat per område er skildra under kvart av tenesteområda og oversikt ligg under årsrekneskap forskriftskjema § 5-4 Sum bevilgninger drift (1B).

Finansielle måltal

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styra økonomien i kommunen i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Kommunen sine måltal er:

Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	3 %	Syner om drifta inntektene for p
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,5 %	7 %	Syner kor store kommunen har
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	65 %	Syner gjeldsgrad målsettinga er a over tid.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Voss herad fekk eit positivt netto driftsresultat på ca. 45,9 mill.kr. Dette utgjer ca. 2,88 % av brutto driftsinntekter. I opphøveleg budsjett var det budsjettert med eit netto driftsresultat på 4,8 mill.kr (0,3 %), som vart auka til 20,1 mill.kr (1,3 %) i revidert budsjett 2.tertial, men enda på eit endå betre resultat. Hovudgrunnen til at det vart så mykje betre enn budsjettert er på grunn av uføresette sentrale inntekter som kom i slutten av perioden og eit større premieavvik på pensjon enn venta.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål og er kommunen sine reserver. Teknisk berekningsutval tilrår at dette bør vera minimum 5 % av driftsinntektene for kommunane i landet. Ved inngangen av 2021 hadde kommunen om lag 63 mill.kr kr på disposisjonsfond. På grunn av det gode resultatet i driftsrekneskapen kunne kommunen setja av vesentleg meir enn planlagd til disposisjonsfond. Reservane er auka med om lag 61 mill.kr i 2021, og ved utgangen av året var dei på 123 mill.kr. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter utgjer ved utgangen av 2021 7,8 %. Kommunen ligg difor litt over målet.

Lånegjeld

Den totale lånegjelda har auka i 2021 frå 1 372 802 332 kr til 1 426 067 563 kr. Kommunen har måltal på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) trekt frå totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlige lån (utlån av egne midler).

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2021 er på 54 %. Grunnen til at denne er lågare enn budsjetterte 62 % er at ubrukte lånemidlar auka frå om lag 110 mill.kr til 190 mill.kr i løpet av året på grunn av forseinka investeringsprosjekt. Dette gjer at kommunen ikkje treng å ta opp så mykje lån som planlagt i 2022.

Sentrale inntekter


Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-555 733	-530 365	-552 759	-586 307	33 548	6,1 %
Inntekts- og formuesskatt	-431 925	-451 000	-470 826	-476 919	6 093	1,3 %
Eiendomsskatt	-65 172	-63 550	-69 050	-70 399	1 349	2,0 %
Andre generelle driftsinntekter	-73 223	-46 823	-46 823	-34 657	-12 166	-26,0 %
Sum Frie disponible inntekter	-1 126 054	-1 091 738	-1 139 458	-1 168 282	28 824	-2,5 %

Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter omfattar skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett for 2021 og justert i løpet av året etter faktiske forhold. Rammetilskot er eit tilskot frå staten som i utgangspunktet er fordelt etter innbyggjartal (391,1 mill.kr i 2021). Det vert deretter korrigert for utgiftsutjamning (kor teoretisk dyr ein kommune er å drifta) (ca.76 mill.kr i 2021), særskilde saker (3,9mill.kr i 2021), inndelingstilskot (18,1 mill.kr), regionsentertilskot (4,4 mill.kr) og skjønstilskot (6,5 mill.kr). I tillegg har kommunen fått auka rammetilskot og skjønstilskot med 24,3 mill.kr for å dekkja meirutgifter og tapte inntekter med koronapandemien, og ca 2 mill.kr i andre ekstra løyvingar. Samla sett fekk Voss 525,7 mill.kr i overføringar som rammetilskot og skjønstilskot i 2021.

I inntektssystemet til kommunane ligg det også omfordeling av skatteinntekter frå dei kommunane som får mykje skatteinntekter til dei som får mindre, inntektsutjamning. I 2021 hadde Voss ein lågare skattevekst enn landet. Voss fekk heile 53 mill.kr i inntektsutjamning, der 24 av dei vart utbetalt i januar og februar 2022. Dette er ikkje venta at dette nivået vil vedvara.



Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 451 mill.kr i 2021 i opphavleg budsjett, som vart auka til 471 mill.kr i løpet av året, og dei faktiske inntektene landa på 477 mill.kr. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Mange av innbyggjarane vart hardt råka økonomisk av koronapandemien. Dette har tatt seg noko opp i 2021, men ikkje like mykje som landet. Landet hadde ein skattevekst på 16 % medan Voss hadde 10,2 %.

Eigedomsskatt

Administrasjonen gjennomførte i 2020 ei stor retaksering av alle eigedomsskattepliktige eigedommar i heradet, og totalt har nær 11 000 eigedomar fått nytt grunnlag for berekning av eigedomsskatt frå 2021. Av desse har om lag 6 500 eigedomar fått kommunalt fastsett takst, medan om lag 4 500 bustadar fått skattegrunnlag basert på verdierestimater frå Skatteetaten (bustadverdi). Grunnlaget er gjeldande for utskriving av eigedomsskatt frå og med skatteåret 2021. Sidan verdigrunnlaget var ukjent når opphavleg budsjett vart laga var budsjettala noko usikre. Det var likevel sikkert at verdigrunnlaget ville vera høgare og promillesatsen for bustad og fritidsbustad vart sett ned frå 4 til 2,1 promille. Eigedomsskatt var budsjettert med nye føresetnader om justering av skattegrunnlaget og endra skattesats for bustad og fritid til 2,1 promille, og 7 promille på næring. Etter utskriving såg ein at nivået låg noko høgare enn estimert og budsjettet vart sett opp med 5,5 mill.kr som vart sett av til framtidige investeringar. Rekneskapen enda på 1,4 mill.kr over budsjett på totalt 70,4 mill.kr, der 34,8 mill.kr kjem frå bustad og fritidsbustader og 35,6 mill.kr frå næring.

Integreringstilskot

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering. Voss mottok 22,7 mill.kr i integreringstilskot som er om lag som budsjettert. Grunnen til at posten står med 12,1 mill.kr mindre enn budsjettert er at 12,4 mill.kr er feilaktig ført under tenestoområdet Finansielle postar og slår difor positiv ut der.

Økonomiske effektar av kraftproduksjon i kommunen

Andre sentrale inntekter omfattar også inntekter frå kraftproduksjon i kommunen. Ved konsesjonar gitt etter vassdragsreguleringslova eller vannfallrettighetsloven, pliktar kraftverkseigarane å betala ein årleg

avgift (konsesjonsavgift) til staten og til dei aktuelle kommunane. For Voss herad vert konsesjonsavgiftene i sin heilskap sett av til Kraftfondet. I 2021 vart det inntektsført 6 831 070 kr i konsesjonsavgifter og det vart utgiftsført 6 831 070 kr i avsetting til bundne fond (Kraftfondet). Kraftverka må også betala ein naturressursskatt på 1,3 øre per kWh til kommunen. Voss mottok 12,5 mill.kr i naturressursskatt i 2021.

Eigarar av vasskraftverk pliktar å levera ein del av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som lova føreskriv. Vertskommunane får tildelt ei gitt mengde straum til prisen som er fastsett av staten. Kommunen kan selja til vidare til marknadspris. Voss herad har 70,8 GWh til disposisjon, der me har nytta 9,04 GWh til eige bruk og sel 61,84 GWh. Sal av konsesjonskraft kjem inn under tenesteområdet Finansielle postar og utgjorde nær 18 mill.kr i 2021.

Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av produksjon og gjennomsnittleg marknadspris på kraft dei siste fem åra, og utgjorde vel 20 mill.kr til Voss herad i 2021.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-15 252	-11 380	-11 680	-14 018	2 338	20,0 %
Utbytter	-10 223	-8 800	-10 800	-11 476	676	6,3 %
Renteutgifter	21 559	17 934	19 555	14 779	4 776	24,4 %
Avdrag på lån	53 313	51 687	51 687	51 111	577	1,1 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	49 396	49 442	48 763	40 396	8 366	17,2 %

Voss herad har eit positivt avvik på kr 8 366 000 i forhold til budsjett på netto finanspostar. Dette kjem i hovudsak frå lågare renteutgifter og høgare renteinntekter enn kva som var budsjettert. Renteinntekter og utbyte frå Eviny og Voss Energi har vore om lag på budsjettert nivå.

Året 2021 har vore prega av auke i rentemarknaden. Norges Bank si styringsrente vart i løpet av hausten 2021 satt opp frå 0,0 % til 0,5 %, og det er ventar vidare oppgang i rentenivået igjennom 2022 og 2023. Ved utgangen av 2021 hadde Voss herad ei vekta snittrente på sine innlån på 1,05 %.

Kommentar til avvik på tenesteområda

Fleire av tenestoområda har vesentlege meirforbruk i høve budsjett og det er eit vesentleg positivt avvik på finansielle postar. Avvika er forklart meir i detalj under kvart tenestoområde. Her er likevel lagt fram ei samla oversikt.

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Re 20
Administrasjon og leiding	67 303	73 429	62 405	74
Plan, næring og forvaltning	23 508	23 144	23 546	24
Samferdsel	29 853	28 884	26 916	27
Eigedom og bustad	10 710	16 801	14 959	11
Brann og ulukkesvern	11 594	12 513	12 672	13
Vatn, avlaup og renovasjon	-13 155	-14 227	-13 956	-1
Politisk styring	6 856	8 225	8 315	7 8
Finansielle postar/økonomi	-13 950	-36 012	-36 012	-8
Grunnskule	229 717	233 631	236 735	24
Barnehage	140 964	141 231	145 923	15
Barne- og familietenestene	60 445	53 960	62 573	62
Integrering og vaksenopplæring	14 341	10 763	9 989	12
Helse	39 138	40 501	46 594	46
Omsorg	342 918	348 012	361 127	37
Sosialtenester	45 972	40 686	43 887	49
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	48 281	43 072	42 956	42
Sum bevilningar drift, netto	1 044 495	1 024 613	1 048 629	1 0

Det negative avviket på administrasjon og leiding skuldast at det er budsjetttert med ei inntekt på 14 mill.kr som vart rekneskapsført på Finansielle postar (slår tilsvarende positivt ut der). Meirforbruket innan grunnskule skuldast i hovudsak eit reelt meirforbruk på løn og kjøp av tenester frå andre. Innan barnehagetenesta er det også eit reelt meirforbruk med høgare overføring til private barnehagar på grunn av bemanningsnorma.

Ved slutten av året vert bruken av premiefond fordelt ut på dei ulike tenestoområda. I 2021 vart det brukt om lag 28 mill.kr av premiefond hjå KLP til å dekkja noko av ekstra høge premiar på grunn av høgare lønsvekst enn stipulert. Det var opphaveleg budsjetttert med 10 mill.kr i bruk av premiefond. Auka bruk av premiefondet reduserte premieavviket i 2021, men det vart likevel stort med eit beløp på - 46,6 mill.kr inkl. arbeidsgjevaravgift. Premieavviket vil slå inn med motsett forteikn neste år.

Premieavviket slår altså positivt inn på sentrale postar i 2021, medan bruk premiefond slår inn negativt på tenestekområda. For nokre tenestekområde har det forverra det økonomiske resultatet vesentleg. Under er ei oversikt over kor mykje det slår ut for kvart tenestekområde:

(i 1000 kr)
Administrasjon og leiling
Plan, næring og forvaltning
Samferdsel
Eigedom og bustad
Brann og ulukkesvern
Vatn, avlaup og renovasjon
Politisk styring
Grunnskule
Barnehage
Barnevern og støttetjenester
Integrering
Helse
Omsorg
Sosialtjenester
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

Av tabellen ser ein at det slår mest ut for Omsorg med 9 mill.kr i negativ påverknad og Barnehage med 4,2 mill.kr.

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenestekområda

Beløp i 1000


	Rekneskap 2020	Opph. bud.	Rev.bud. 2021	Rekneskap 2021	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	7 417	3 400	8 774	11 163	-2 389	-27,2 %
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	31 132	399	-382	73	-455	-119,1 %
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-6 386	13 885	33 675	60 099	-26 424	-78,5 %
Netto avsetnader	32 163	17 684	42 067	71 334	-29 268	-69,6 %

På grunn av betre resultat enn venta med eingangsinntekter som kommunen fekk i 2021, så vart avsetting til disposisjonsfond vesentleg høgare enn budsjettert. Av same grunn vart det også overført meir midlar for å finansiera investeringar enn budsjettert.

Det er berre brukt 2,9 mill.kr av disposisjonsfond, dette til eigenkapitalbidraget til pensjonsleverandøren KLP.

Organisasjon

Politisk organisering



Voss herad skal styrast etter formannskapsmodellen. Heradsstyret på Voss skal ha 43 representantar. Formannskapet skal ha ni medlemar.


Ved val til faste utval skal det, så langt råd er, vera gjennomgåande representasjon. Det tyder at det er medlemane i heradsstyret som skal vere medlemar i utvala.

Politiske møter og saker i 2021

(Tal)	M
Heradsstyret	8
Formannskapet	14
Utval for levevilkår	8
Utval for klima og miljø	8
Utval for kultur og næring	8
Kontrollutval	5
SUM	51

Administrativ organisering

Voss herad er organisert med 4 kommunalavdelingar og 3 stabsavdelingar. Rådmannen si leiargruppe omfattar tilsvarande rådmann, 4 kommunalsjefar og 3 stabssjefar.



Voss herad som arbeidsgjevar

Voss herad er den største arbeidsgjeveren i kommunen med ca.1230 årsverk og skal i samsvar med ein av verdiane våre vera ein inkluderande arbeidsgjevar. Me skal vera etisk bevisst og lojal mot alle verdiane til heradet. Og me skal setja mangfald høgt. Den nye leiaridentiteten er ei rettesnor for alle leiarar i kommunen.

Me skal vera ein skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar

I Voss herad brukar me 10-FAKTOR frå KS som medarbeidarundersøking. Ved å spørja alle tilsette om korleis dei opplever det er å jobba i heradet, ynsker me å få kartlagt kva me bør jobba med for å utvikla oss til det betre. 10-FAKTOR er eit forskningsbasert verktøy for å måla ti faktorar som er avgjerande for å oppnå gode resultat – og som kan verta påverka gjennom målretta utviklingsarbeid. I 2021 vart medarbeidarundersøkinga gjennomført for fyrste gong i ny kommune. 81% av dei tilsette svara. Resultata skal avdelingane nytta til laga konkrete mål for forbetringsarbeid dei neste to åra. Her er det viktig med god medarbeidarinvolvering.

Resultata i 10-FAKTOR er viktig grunnlag for både medarbeidar-, organisasjons- og leiarutvikling i heradet. Viktige tema i årets leiarutvikling har handla om relasjonsleiing (å byggja gode relasjonar) og endringsleiing (korleis tåla endringar).

I 2021 vart det vedteke ny seniorpolitikk. Voss herad har som overordna mål å behalda kompetente arbeidstakarar som er motiverte og difor har lyst å stå lenge i jobben. Heradet sin seniorpolitikk består i hovudsak av å bruka handlingsrommet i eksisterande rammeverk på ein god og fleksibel måte. Me vil leggja til rette for at seniorar kan jobba så lenge som mogleg, og motivera til at dei ynskjer det. I 2022 er målet å få på plass tilbod om digital kompetanseheving.

Det vart òg vedteke nytt permisjonsreglement i 2021. Dette er ein viktig del av personalpolitikken i heradet.

Me skal ha eit arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og «me»-kultur

Arbeidsmiljø handlar om arbeidet du utfører, og korleis ein organiserer, planlegg og gjennomfører det. Statens arbeidsmiljøinstitutt har fem råd for å få til betre arbeidsmiljø. Desse handlar om klare rollar, balanse mellom krav i arbeidet og god eigenkontroll (autonomi), balanse mellom innsats og belønning (ros, moglegheit for utvikling), rettferdig, støttande og myndiggjorte leiarar, føreseielegheit. Alle desse finn me att i 10-FAKTOR, og dette er viktige faktorar også i sjukefråværsarbeidet òg. Ved å jobba for å betra desse faktorane, vil me dermed kunne oppnå reduksjon i sjukefråværet. Dette vert svært viktig i leiarutviklingsprogrammet framover.

Likestilling, inkludering og mangfald

Likestillings- og diskrimineringslova skal fremja likestilling, sikra like moglegheiter og rettar, og hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, religion og livssyn. Voss herad held seg til lovverk og hovudtariffavtalen ved tilsettingar og fastsetting av løn. Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem som i tillegg til stillingskode, baserer seg på den tilsette si formal- og realkompetanse. I tillegg har Voss herad eit tett samarbeid med tillitsvalde ved stillingsutlysingar, tilsettingar og forhandlingar. Dette er med å hindra diskriminering, og sikra at personalarbeid skjer i samsvar med lovverk og hovudtariffavtalen.

Det er utarbeidd ein ny standardtekst til alle stillingslysingane i heradet. «Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.» I samsvar med resten av kommunesektoren har også Voss herad også ein høg del kvinner med om lag 77 % kvinner og tilsvarande 23 % menn. I rapport frå 2021 (2020-tal) syner at i Voss herad var det 29 kvinner og 17 menn i leiarstillingar på dei to øvste leiarnivåa. Det var 46 kvinner og 45 menn på dei neste leiarnivåa.

Prosent av antall kvinner og menn i ulike sekt

Pr. 1.12.2020 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare h

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	M
I ALT	1.158	347	77	
Sentraladministrasjonen	40	19	68	
Oppvekst	469	108	81	
Skoleadministrasjon	10	1	91	
PP-tjeneste	5	1	83	
Grunnskole	300	82	79	
Barnehager	149	19	89	
Øvrig oppvekst	5	5	50	
Helse/sosial	598	85	88	
Administrasjon	3	0	100	
Alm helsevern	35	7	83	
Somatiske sykehjem	116	23	83	
Alders- og sykehjem	129	8	94	
PU	12	2	86	
Aldershjem	1	0	100	
Hjemmehjelp/-sykepleie	222	24	90	
Sosialhjelp	51	18	74	
Andre virksomheter	29	3	91	
Kultur	25	14	64	
Teknisk sektor	24	116	17	
Ymse	2	3	40	
Uoppgitt	0	2	0	

I 2020 var det 744 stykk som jobba 100 % stilling, der 519 var kvinner og 225 var menn. 358 stykk jobba i stilling mellom 75 -99,9 %, der av 328 kvinner og 30 menn. Av dei 243 som jobba mellom 50 og 74,9 % var 204 kvinner og 39 menn.

Lærlingar

Frå 2020 til 2021 auka talet på lærlingar i Voss herad frå 13 til 17 lærlingar. I tillegg kom 1 «Menn i helse»-kandidat. Hausten 2021 vart det også tilsett ein felles lærlingkoordinator i heradet.

Lærlingkoordinatoren vil ha som hovudoppgåve å bidra inn i arbeidet med å auka tal lærlingar i heradet.

Sjukefråvær

Overordna mål for Voss herad er at innan 2022 skal sjukefråværsprosenten reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. (det følgjer IA avtalen). Måltalet for Voss herad er at fråværet totalt er 7,2% eller under til utgangen av 2022. I 2021 var totalt fråvær i heradet 9,6 %.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråvær til leiarane.

Fråværsstatistikk for 2021:

Tenesteområde	Total 2020	Total 2021	Eigenmeldt 2021
Administrasjon og leing	4,8	6,2	0,7
Grunnskule	6,3	7,2	1,5
Barnehage	10,4	13,6	2,7
Barnevern og støttetjenester	8,5	7,7	1,2
Integrering	4,5	9,4	0,1
Helse	3,5	7	0,5
Omsorg	11,4	12	1,6
Sosialtenester	2,9	5,7	0,4
Kultur og fritid (inkl. kyrkja)	6,3	6,5	1,1
Plan, næring og forvaltning	3,8	6,4	0,6
Samferdsel	0,3	3,5	1,2
Eigedom og bustad	5,7	9,3	1,2
Brann og ulukkesvern	1,9	2,2	1,3
Vatn, avlaup og renovasjon	9,6	12	0,6

Ser ein på sjukefråværet i einingane er det barnehage, omsorg og vatn, avlaup og renovasjon som skil seg ut med det høgste fråværet. Barnehage har ein auke i fråværet frå 2020-2021 med 3,2 %. Helse har hatt ein auke i fråværet frå 2020-2021 med 3,5 %. Omsorg ligg og høgt på årsresultatet. Begge tenesteområda hadde ein sterkare auke i fjerde tertial.


SSB(Statistisk sentralbyrå) leverer tal i kvartal og etter næring og sektor. For sektoren Undervisning og Helse- og sosialtenester var resultatata for kommuneforvaltninga slik i 4. kvartal i 2021.

Næring	SSB 4. kvartal 2021
Undervisning (Førskule og grunnskule)	8,9
Helse og omsorgstenester (Helsetenester, Pleie- og omsorg i institusjon og omsorgsbustadar, sosiale omsorgstenester utan butilbod)	12,0

(SSB tabellnr.12442)

Heradet ligg i 4.kvartal noko over snittet på fråvær i desse to sektorane. Ei kjelde til feil kan vere om vårt utval samsvarer med SSB sitt og samanliknast heilt. Når det gjeld koronarelatert fråvær utgjorde det innmeldte koronarelaterte fråværet i 2021 0,5% av sjukefråværet. Av det var 0,4% eigenmeldt- og 0,1% legemeldt fråvær. Kostnadene med sjukefråvær varierer mellom arbeidsstader og tenesteområde i

kommunen. Det vil avhenga av om andre tilsette kan overta arbeidsoppgåvene, om det er behov for vikar både på kort og lang sikt, kva den tilsette jobbar med og lønsnivået til den som er sjuk.



Direkte utgifter og inntekter med sjukefråvær:

(i m ill. kr)	Vikar utgifter korttidsfråvær	Innløst og overtid	Vikar utgifter langtidsfråvær	Refusjon sjukeløn og foreldrepensjon
2019	13,6	8,8	22,9	40
2020	13	16,8	25,6	51,7
2021	14,4	23,4	28,5	54

Kostnader med sjukefråvær er meir enn berre lønskostnader. Oppfølging av sjukemeldte og tidsbruk til å skaffe vikar kan vera tidkrevjande dersom fråværet er høgt. Dette gjer at leiaren har mindre tid til å følgja opp dei som er på jobb. Dette kan igjen føra til eit produksjonstap, eller med andre ord at eininga ikkje utøver så gode tenester som dei kunne ha gjort. Produksjonstapet er vanskeleg å estimera og må eventuelt undersøkjast med ei meir kvalitativ vurdering. Med ei matematisk utrekning av verdien av dei tapte dagsverka finn me at med eit fråvær på 9,6 % er det arbeid verdt 83 mill.kr som ikkje vert utført. Dette gjeld for samfunnet. Kostnader med dette produksjonstapet for Voss er ca 32 mill.kr i 2021. Dersom fråværet vert redusert til 7,2 % som er målet vårt, vil kostnader for arbeidsgjevar bli redusert med 6,6 mill.kr til 25,5 mill.kr. Dette er likevel ikkje tal som me vil finna i rekneskapen, og betyr ikkje sparte utgifter med tilsvarande beløp. Det er likevel viktige tal å ha med seg i vurdering av kva tapt arbeidskraft kostar samfunnet.

Satsingsområde

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, men også som tenesteytar og arbeidsgjevar. Nokre satsingsområde er difor vide og langstrakte medan nokre er meir internt retta og kortsiktige. Den raude tråden med berekraft og berekraftsmåla er likevel noko som går igjen på alle område.

Planarbeid og overordna mål

Voss herad sin visjon og verdiane våre gjev retning for korleis me skal utvikla kommunen. Visjonen vår om å vera **eit sterkt regionsenter med levande bygder**, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen er det viktigaste styringsdokument til kommunen, og legg rammene for alt anna planarbeid og drifts- og investeringsbudsjettet i økonomiplanen. Det vart vedteke ein planstrategi for kommunen i 2020 som la føringar for kva planar som skal utarbeidast 4 år fram i tid. I 2021 har det difor vore jobba med kva kommunen skal gjera vidare for å nå måla i samfunnsdelen og konkrete planar frå planstrategien. Arbeidet med berekraftmåla er skildra i eit eige kapittel. Konkrete planar som er starta på i 2021 er:

- Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling - Vossaklima 2030
- Temaplan for Voss i vekst - ein plan for å styrka utdannings- og kompetansenivået i heile heradet
- Temaplan for strategisk næringsutvikling
- Kommunedelplan for tidleg innsats og livsmestring
- Kulturplan (temaplan)

Planarbeidet har vore ambisiøst, spanande, ressurskrevjande, nyskapande, og har bidratt til å auka kompetanse i organisasjonen og samarbeid på tvers av tenesteområde.

Planarbeidet byggjer på dei tre satsingsområda: **«Attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar»**, **«innovative Voss – med røter og vengjer»** og **«inkluderande Voss – bygd for alle»** og eit viktig arbeid for å nå måla frå samfunnsdelen og sikra ynskja utvikling på dei aktuelle planområda.

Folketal

Eit anna område som kan vera ein indikator for kor attraktivt Voss er som regionsenter kan vera utvikling i folketal. Det var 88 fleire innbyggjarar på Voss ved utgangen av 2021 enn ved inngangen. Det er også gledeleg å sjå at Voss har fått 65 fleire innbyggjarar mellom 20-44 år.

	2020	2021	2022
0 år	153	167	154

Årsmelding Voss herad 2021

1-5 år	889	886	880
6-12 år	1 314	1 306	1 338
13-15 år	549	551	551
16-19 år	821	808	804
20-44 år	4 603	4 618	4 683
45-66 år	4 392	4 387	4 342
67-79 år	1 982	2 042	2 097
80-89 år	803	791	776
90 år eller eldre	234	231	250
	15 740	15 787	15 875

Reformstøtte

I 2020 mottok Voss herad 22,3 mill. kr i reformstøtte, som er eit eingongstilskot på grunn av kommunesamanslåing. 10 mill. kr av desse vart avsett på fond til bygdeutvikling i Granvin, og resterande beløp vert planlagt nytta i 2021 og 2022 til utvikling av ny kommune, jf. vedtak i rapport 1.tertial 2021. Midlane har gjort det mogleg å nytta ekstra midlar på fleire satsingsområde i kommunen, frå digitalisering, tenesteutvikling, grøn omstilling og tiltak for å gjera Voss endå meir attraktiv. Nokre av prosjekta er litt forseinka , men om lag 5 mill.kr av midlane vart brukt til ulike utviklingstiltak i 2021:

Planlagd bruk (tal i 1000 kr)	Beløp 2021	Beløp 2022
Bygdeutviklingsfond Granvin		
Strategisk næringsutvikling	786	328
Prosjektleiar Leve hele livet	-	800
Digitalisering generelt - infrastruktur og tryggleikstiltak	900	1 100
Digitalisering oppvekst og styrking av meir praktisk undervisning - kjøpt inn mykje nytt utstyr til skulane	1 610	690
Ombygging tinghus 1.etg	0	1 000
"Stedskapingsskolen"	-	600
El-bilar (5 bilar kjøpt inn i 2021)	1 200	0
Leikepark/uteområde/ tiltak sentrumsplan	200	1 000
Psykisk helse born og unge	400	900
	5 096	6 418

Innovasjon og digitalisering

2021 var året me etablerte strukturen for korleis me skal jobba med IKT området i Voss herad. Strategien for digitalisering og IT omhandlar både sikkerheit, forvaltning, kompetanse og arkitektur. Dette er grunnleggjande område for ei trygg og føreseieleg forvaltning av IKT. Digitaliseringsstrategien

er utgangspunktet for handlingsplanen «Digital arbeidsglede», og har vore retningsgjevande for det arbeidet som har vore prioritert i 2021, og vil vere det for dei neste åra.

Gjennom 2021 fekk Voss herad oppretta fleire prosjekt og gjennomført nokon anskaffingar av nye IKT løysingar som vil vere viktige bidragsytarar til å forenkla, forbetra og effektivisera ulike arbeidsprosessar. Nokre er allereie implementert medan andre framleis pågår. Det er også etablert fleire organisatoriske tiltak for å understøtta målsettinga i digitaliseringsstrategien. Eit av desse tiltaka er eit sikkerheitsforum som skal sikra at organisasjonen jobbar etter vedtekne mål og lovverk med omsyn til personvern og informasjonssikkerheit, mm.

Voss herad har gjennom 2021 auka deltakinga i ulike nettverk. Dette omfattar både faglege/ operative nettverk og strategiske nettverk, til dømes DuVe (digitaliseringsutval i Digi Vestland). Nettverka har også oppretta ulike felles prosjekt på tvers av kommunar. Dette er eit viktig ledd i satsinga på deling av kompetanse, ressursar og erfaringar, mm. mellom kommunane i Vestland fylke. Gevinstar vert henta ut gjennom felles kartleggingar, erfaringsdeling, utredningar og kompetanseauke som gjer det lettare å setja i verk naudsynte førebyggjande tiltak og forbetringar.

Trusselbiletet i det digitale rom har prega prioriteringane i 2021. Utviklinga gjennom året tyder på at det også i 2022 og framover vil vere naudsynt å setta av meir ressursar til å vidareutvikla eksisterande og tilføra nye sikringstiltak på IKT området. Nokre av dei tiltaka som vart gjennomført i 2021 omhandlar til dømes implementering av verktøy for identitetskontroll, etablering av nye og sikrere lagringsløyser, oppdatering av nettverk og infrastruktur, oppgradering av lisensar for tilsette, mm.

Økonomi

Økonomisk berekraft og handlingsrom er avgjerande for å halde på, og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseieleg økonomiske politikk gir god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Voss og Granvin har hatt ein robust økonomi i fleire år, men åra 2018 og 2019 har vore utfordrande for Voss kommune då driftstutgiftene har auka betydeleg, samtidig som sentrale inntekter har vore ganske stabile. For å skapa økonomisk handlingsrom og berekraftig økonomi har det i 2021 vore jobba med:

- Å redusera utgifter ved å effektivisera og gjennomføra omstilling i tenesteområda
- Effektivisera og forenkla arbeidsprosessar - tenesteinnovasjon
- Langsiktig planlegging for å få gode resultat på måltal
- God økonomistyring og budsjett disiplin

God økonomistyring vil bidra til eit godt driftsresultat, men erfaringa frå både 2020 og 2021 er at eingongspengar også gjer det. Både i 2020 og 2021 har det vore uføresette sentrale inntekter som har vore avgjerande for gode resultat. Det er fleire tenesteområde som har hatt vesentlege meirforbruk i høve budsjetttrammene. Det må jobbast vidare med å auka leiarane si forståing av budsjetta, sikra at dei er mest mogleg rett eller oppdatert, og sikra budsjett disiplin. For mange einingar fungerer dette godt, men styring må betrast for å oppnå betre kvalitet på prognosearbeidet i løpet av eit år.

Internkontroll

Alle kommunar har sjølvstendig ansvar for å føra kontroll med eiga verksemd. Ansvar er lovfesta i kommunelova § 25-1, og det er rådmannen som har overordna ansvar for internkontrollen i Voss herad.

Me skal likevel ha internkontroll på alle nivå i organisasjonen, og alle leiarar har ansvar for kontroll i eiga avdeling. Det er difor viktig at me legg til rette for dette. Lova spesifiserer ikkje korleis me skal jobba i praksis, så me må tilpassa internkontrollen til vår verksemd.

Sentralt i internkontrollarbeidet i 2021 har vore å ferdigstilla overordna internkontrolldokument for heradet. I oppfølginga av dette arbeidet har det vore gjennomført anbod på anskaffing av eit heilskapleg digitalt internkontroll/ kvalitetssystem. Målet er at det skal bidra til betre å formalisera internkontrollen i heradet. Systemet vert implementert i løpet av 2022. Det vart og sett av ekstra ressurs for internkontrollarbeidet.

Det vert kontinuerleg arbeid med forbetring og kontroll i avdelingane.

Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter.

Større kartleggingar, gjennomgang eller analysar
10 faktor medarbeidarundersøking Undersøkinga er kopla opp mot leiaridentiteten i heradet. Undersøkinga og etterarbeidet vert brukt som utviklingsverktøy i alle avdelingar

Avvik	
Meldte avvik (HMS- og kvalitetsavvik H&O): 996	Behandla avv



Berekraft og klima

Vossaklima 2030

Voss herad har tufta overordna strategiske planar på FN sine berekraftsmål og ynskjer å bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med at berekraftsmåla faktisk vert nådd. Å delta aktivt i KS sitt nasjonale [Berekraftsnettverk](#) er ein viktig del av dette arbeidet. Berekraftsnettverket er ein lærings- og samarbeidspartnar for norske kommunar og fylkeskommunar i arbeidet med å få fart på berekraftig samfunnsutvikling og slik bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål innan 2030. Arbeidet i nettverket omfattar lokale – og regionale utviklingsprosjekt, organisasjonsutvikling, samarbeid med næringslivet, involvering av innbyggjarane og støtte til andre lokale prioriteringar som set sosial, økonomisk og miljømessig berekraft høgare på dagsordenen.

I samarbeid med FN organisasjonen [U4SSC](#) tinga Voss herad ei berekraftsanalyse i 2021. I dette kartleggingsprosjektet er det plukka ut 110 indikatorar som handlar om samfunn, økonomi og klima/ miljø. Ut i frå ein heilskapleg analyse av desse indikatorane kan me sjå status for Voss herad sitt berekraftsarbeid i dag, og i vidare år kan me sjå om berekraftsarbeidet går i rett retning. Konkrete døme på kva som vert målt er transport, standard på vegane våre, elektrisitetsnett, vassforsyning, næringsliv, sysselsetting, levestandard og helsetilbod. Endeleg rapport frå U4SSC er klar våren 2022 og vert ein viktig del av det vidare arbeidet med all samfunnsplanlegging i Voss herad.

I tråd med føringar lagt i Voss herad sin planstrategi starta arbeidet med ny kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling – Vossaklima 2030 – opp i 2021. Planprogrammet vart vedteke i august 2021 og legg til grunn at Voss herad skal setja mål som inneber at Voss herad kan nå nasjonale målsetjingar, og bidra konkret og konstruktivt til at Vestland fylkeskommune vert leiande i klimaomstilling og grøn verdiskaping. Arbeidet i 2021 har vore konsentrert om å få på plass eit godt og heilskapleg kunnskapsgrunnlag og best og breiast mogeleg medverknad.

Medverknadsaktivitetane i 2021 kan oppsummerast slik:

- Klimacafè: Kwart tonn tel (*oktober*), Klimapartner (*oktober*), klima og landbruk (*desember*)
- Faglønsjar: Innovative energiløysingar (*oktober*) Klimabudsjett og rekneskap (*november*)
- Born og unge: Grøn november – ungdom og gjenbruk, Utvikla undervisningsmateriale

Sjå [Medverknad - Voss herad](#)



Rapportering på klimatiltak

Nr	Tiltak	Ansvar	Kostnad	Lokale klima- midlar	Eksterne midlar	Status 2021
1	Energieffektivisering av kommunale bygg	VH		100 000	+	Gjennomført energiøkonomisk (ENØK) analyse og tilstandsrapport for Granvin sjukeheim, Vetleflaten Omsorgssenter og Vossestrand Omsorgstun. (Totalt kr 322 400)
2	Biogassanlegg	IHM		170 000	+	Dialogmøte om behandlingskapasitet for matavfall med IKS avfallsselskap i Vestland. Oppretta samarbeid mellom BIR og IHM om etablering av biogassanlegg (NGIR og ØYVAR). Støtta lokalt landbruk i oppretting av eit biogass kontaktforum. Intensjonsavtalar med over 30 gardsbruk om leveranse av husdyrgjødsel og mottak av biogjødsel. Bacheloroppgåve om økonomien ved gjødsellager for biogassanlegget.

Årsmelding Voss herad 2021

						Samarbeid med Invertapro AS for konseptualisering av samlokalisering av biogassproduksjon og insektsproduksjon. Oppretta Biosirkel Vestland AS saman med BIR med formål å gjennomføra anbodsrunde for etablering av biogassanlegg. Studietur til Ecopro AS i Verdal.
3	Berekraftig reiseliv	Dest. Voss		50 000	+	Prosjekt avslutta og Voss er kvalifisert til å nytte merket for Berekraftig reisemål etter Innovasjon Norge sine retningslinjer for dette merket. Merkeordninga er eit godt styringsverktøy for å få til dei naudsynte endringane i reiselivet på ein heilskapleg måte, både innafor sosial- økonomisk og miljømessig berekraft. Prosjektet er eit tiltak i Voss herad sin Energi- og klimaplan 2018-2022, og er elles godt forankra politisk i kommunen, som legg FNs berekraftmål til grunn i alt planarbeid.
4	Miljøsertifisering berekraftig reiseliv	Dest.Voss		50 000		Totalt 14 Miljøfyrtårnsertifiserte verksemdar sertifisert etter planen i prosjektet.
6	Innkjøp El-varebil	VH		50 000	Enova	Innkjøp av El-varebil til reinhald gjennomført
7	Etablere ladepunkt	Voss herad		25 000		Det vart ikkje etablert nye ladepunkt i Voss herad i 2021
8	Vossabike	Voss Parkering		Ikkje løyvd i UKM	200 000 kr frå FK	Etablert docking parkering 2X10 sykklar. Samarbeid med VY.
9	Gratis reparasjon av sykkel	VH	50 000	25 000	FK; 25 000	41 sykklar reparert gratis. (Fakturert for kr. 10.250). Mindre etterspurnad etter innføring av tak på 19 års aldersgrense.

Årsmelding Voss herad 2021

10	Regenerativt landbruk/ Jordkarbon	VH		100 000	+	Prosjektet kom i gang i 2019 og er planlagt å vare til og med 2023. Voss herad eig prosjektet medan NLR Vest (Norsk Landbruksrådgjeving, avdeling Vest) har prosjektleiinga. Hovudmålet i prosjektet er å finna praktiske metodar for grovfôr dyrking på Vestlandet som aukar karbonlagring i jorda og reduserer klimautslepp frå produksjonen. Det er også merksemd på mikrobiell aktivitet i jorda, det vil seie jordhelse og jordstruktur. Studietur og open gard er ikkje gjennomført grunna pandemi. Elles etter planen. Kommunalt tilskot viktig for utløysing av eksterne midlar.
12	Reduksjon matsvinn	IHM	400 000	200 000	KS: 150 000	Dårleg kontinuitet i matsvinnprosjektet i dei kommunale sjukeheimane grunna pandemi. Utfordringar med ressursar og motivasjon ute i institusjonane. Fått utsett rapporteringsfrist (Klimasats) til haust 2022. Serveringsbransjen har hatt stopp i prosjekt grunna pandemi. Heradet fekk heller ikkje løyvd midlar frå Klimasats til matsvinnprosjekt i serveringsbransjen.
13	Miljøfyrtårn, VH	VH	30 000	30 000		Planlagt resertifisering i desember utsett i påvente av vurdering om vidareføring av Miljøfyrtårnordninga og ei ev. overgang til Hovudkontormodellen.
15	Medlemskap klimapartner, Vestland			80 000		Fyrste året som partner i Klimapartner Vestland. Levert klimarekneskap Klimakost.

VH: Voss herad, FK: Fylkeskommunen, KS: Klimasats (Miljødirektoratet)

Særskilde tiltak er omtalt under:

Innkjøp av 5 nye el-bilar til heimetenesta i Helse og omsorg 1,2 mill.kr av reformstøtta som Voss herad fekk ved kommunesamanslåinga)

Kommunen har no 14 el-bilar og 17 hybridbilar av totalt 143 bilar.

Gjennomført tidleg kartlegging av mogelege klimatiltak for Idrettsfløy og skulebygg – Voss Ungdomsskule (225 000) Klimasats (MD)

Rådgjevar innan klima og miljø starta i eit eitt års engasjement i juni. Voss herad sitt fyrste klimabudsjett er etablert. Nybrottsarbeid.




Status klima

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Voss herad	Kinn	Aurskog-Høland	Stord
Annen mobil forbrening	7 756,8	5 972,0	9 303,9	4 905,1
Avfall og avløp	3 700,8	7 110,9	2 837,5	5 563,1
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	403,0	32 696,0	0,0	1 142,6
Jordbruk	31 934,6	10 807,3	17 732,8	3 813,7
Luftfart	0,2	775,3	0,0	123,3
Oppvarming	2 272,5	1 558,8	1 453,4	1 611,0
Sjøfart	1 404,0	124 668,9	0,0	31 678,7
Veitrafikk	36 267,3	13 620,8	18 116,8	15 214,3
Sum	83 739,1	197 210,2	49 444,4	64 051,9

Koronapandemien 2021

Koronapandemien har halde fram i 2021 med nasjonale og lokale tiltak for å hindra smittespreiing. Kommunen har hatt direkte meirutgifter med handteringa av pandemien og nye tenestetilbod, direkte innteksttap på grunn av redusert aktivitet i kommunale tilbod, og indirekte kostnader ved at samfunnet er hardt råka av smitteverntiltak. Aktiviteten med testing, smittesporing og vaksinerer har for høg i 2021.

Tal PCR testar som er utført på test-senteret i 2021: 12 504

Litt over 31 000 dosar med vaksiner er sett i perioden 2021 og til og med mars i 2022

Staten har gitt kommunane kompensasjon for arbeidet og meirutgiftene som kommunane har hatt. I 2021 har kommunen fått ca.31,3 mill.kr for å dekkja meirutgifter og mindre inntekter, i tillegg til 23,7 mill.kr som skal gå til lokale næringsverksemdar.

Inntekter til handtering av koronapandemi

Kommunen har fått følgjande ekstra inntekter for 2021:

	Beløp
Auka rammetilskot *	
Ekstra skjønstilskot TISK	
Total, tilskot til å handtera koronapandemien	

* 3 mill.kr vart løyvd i desember og kommunen har ikkje fått fordelt det i budsjett 2022.

Til samanlikning så fekk Voss herad 23,9 mill.kr i rammetilskot og skjønstilskot til pandemiandtering i 2020.

Tilleggsloøyvingar til kompensasjon til lokale verksemdar (kompensasjonstilskot):

	Beløp (1000 kr)
Tilskot til lokale verksemdar, 1.halvår 2021	
Tilskot til lokale verksemdar, 2.halvår 2021*	
Sum	

*2 456 000 kr vart løyvd i desember og er sett av på fond til utbetaling til verksemdar i 2023.

Påløpte meirutgifter

Det er rekneskapsført nær 23 mill.kr i meirutgifter med korona for 2021, og nær 1 mill.kr i inntekter som kompensasjon for tapte billettinntekter innan kino. I tillegg er det vurdert at NAV har hatt meirutgifter på sosial stønad på 5,1 mill.kr. Om lag 18,6 mill.kr av meirutgiftene var innan tenestoområda Helse og Omsorg, 1 mill.kr i Barnehage, 1 mill.kr i Grunnskule og 1,3 mill.kr innan Administrasjon og leiging. I tillegg har kommunen mindre inntekter på fleire område som kino, kultur- og idrettsaktivitet. Fordeling av midlar er gjort etter registrerte meirutgifter med prosjektkode og ei skjønsvis vurdering. I løpet av året har nær 22 mill.kr i budsjettmidlar blitt fordelt på ulike einingar slik som oversikta under viser:

Tenestoområde	Rekneskap 2021	År
---------------	----------------	----


Årsmelding Voss herad 2021

Adm og leing	1 328 180	
Barne- og familietenestene	118 647	
Barnehage	980 957	
Brann og ulukkesvern	63 930	
Eigedom og bustad	136 891	
Grunnskule	1 024 042	
Helse	5 990 426	
Integrering	51 254	
Kultur og fritid	- 643 773	
Omsorg	12 599 576	
Plan og næring	-	
Politisk	121 461	
Samferdsel	2 990	
Sosiale tenester	5 100 000*	
Vatn og avlaup	-	
Totalsum	26 874 581	

*Estimerte meirutgifter ut over nivå for rekneskap 2019.

Omdisponerte tilsette er ikkje medrekna som ei meirutgift.

Det meste av meirutgifter med handtering av koronapandemien har vore til bemanning med lønsutgifter (13 mill.kr) og innleige av personell (vel 4 mill.kr i kjøp frå andre i oversikta). Driftsutgifter omfattar utstyr og lisensar der medisinsk forbruksmateriell utgjer vel 2,3 mill.kr. Overføring til andre omfattar i hovudsak sosial stønad (5,1 mill.kr) og overføring til kommunalt føretak.



Konklusjon

Den økonomiske støtta frå staten har vore svært viktig for å dekkja meirutgifter og tapte inntekter som Voss herad har hatt med koronapandemien. Løyvingane dekkjer dei meirutgiftene og tapte inntektene kommunen har hatt med koronapandemien i 2021.

Kommunen sine tenesteområde

Administrasjon og leing

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnsstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

Om 2021 og viktige hendingar

Året 2021 har vore eit år der det har vore jobba med ein del utviklingsprosjekt i staben. Det kan blant anna nemnast:

- Innkjøp av nytt sak- og arkivsystem
- Innføring av internkontrollsystem og innkjøp av dette
- Ny struktur på korleis me fordeler ansvar for ulike digitale system - forvaltningsmodell
- Betra datatryggleik gjennom meir skybaserte løysingar og innføring av sikringstiltak
- Organisasjonsutvikling med kultur for forbetningsarbeid og leiarutvikling
- Starta arbeidet kommunedelplan for klima og klimatilpassing og lagt fram både klimarekneskap og klimabudsjett
- Starta arbeidet med temaplanen Voss i vekst, ein plan for å styrka utdannings- og kompetansenivået i heile heradet
- Jobba for å betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen med styrka opplæring og nye verktøy

Det var planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, er fleire stillingar halde ledig, men ikkje så mykje som planlagd. Dette skuldast at omlegging tek tid, og organisasjonen vert svært sårbar når kjernekompetanse forsvinn og må fordelast til enkeltpersonar.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Administrasjon	63 065	68 946	69 009	71 247	2 301
Administrasjonslokale	1 630	2 524	1 345	1 687	-836
Fellesutgifter	617	985	527	920	-65
Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde	0	0	0	-14 000	-14 000
Naturforvaltning og friluftsliv	1 991	2 331	2 548	2 550	219
Sum	67 303	74 787	73 429	62 405	-12 382

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Lønn	50 264	53 501	52 244	-1 257
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 568	26 858	27 245	387
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 246	2 028	3 253	1 225
Overføringsutgifter	6 603	6 053	3 819	-2 234
Finansutgifter	1 022	460	0	-460
Sum Driftsutgifter	83 703	88 901	86 561	-2 340
Salgsinntekter	-3 390	-3 892	-4 424	-532
Refusjoner	-9 435	-8 874	-3 772	5 102
Overføringsinntekter	-100	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3 475	-1 348	-15 960	-14 612
Sum Driftsinntekter	-16 401	-14 114	-24 156	-10 042
Netto resultat	67 303	74 787	62 405	-12 382

Kommentar til status økonomi

Ressursbruk til administrasjon, administrasjonslokale, klima og naturforvaltning og fellesutgifter har vore om lag 1,6 mill.kr lågare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak at det har vore ein del fråvær med tilhøyrande refusjon sjukeløn som har vore høgare enn vikarutgifter. Eit meirforbruk på lønsutgifter er difor dekkja av eit større positivt avvik på refusjonar.

Meirforbruket på Overføringsutgifter omfattar i hovudsak momsutgifter som ein finn igjen med eit tilsvarande positivt avvik under Refusjonar med momsrefusjon som kommunen får.

Under Tjenester utanfor kommunalt ansvarsområde vart ei tilbakebetaling på forskottering av veg i Bavallen budsjettet. Beløpet vart rekneskapsført under tenestområdet Finansielle poster slik at ein finn eit tilsvarande positivt avvik der.

Utgifter som er ført på teneste 120 administrasjon har auka frå 2020 til 2021. Dette skuldast at lønsutgifter til kommunepsykologane har blitt ført der, noko utgifter til pandemihandtering er ført der og så er det ført eit pensjonsavvik som ikkje var budsjettet.

Det reelle avviket for Administrasjon og leing samla sett er eit mindreforbruk i høve budsjett på 1,6 mill.kr.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status	Økonomistatus
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap		
Dagsturhytte	0	706	0	438	Iht. plan	Ihht plan
Felles IT anlegg	10 875	0	1 875	0	Iht. plan	Mindreforbruk
Møteromsoppgradering	0	152	0	152	Iht. plan	Merforbruk
Naudstraumsaggregat beredskap (inv)	6 739	0	3 744	0	Forsinket	Mindreforbruk
Rehab. tinghus 1	1 764	0	980	0	Iht. plan	Mindreforbruk
brannsikr./ventilasjon						
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	1 450	0	1 450	0	Forsinket	Ihht plan
Sum	20 829	859	8 049	590		

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2020	Voss herad 2021	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Kostragruppe 11
Prioritet						
Administrasjon	4 328	4 536	5 279	3 919	2 934	3 244
nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)						
Brutto driftsutgifter til funksjon 130	382	404	627	639	486	438
Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)						
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,8 %	6,9 %	8,2 %	7,4 %	5,0 %	5,8 %
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B)	128	138	48	88	118	120

Netto driftsutgifter til administrasjon per innbyggjar har auka frå 2020 til 2021 på grunn av at det er ført lønsutgifter til kommunepsykologar, noko koronautgifter og pensjonsavvik på denne tenesta.

Plan, næring og forvalting

Skildring av tenesteområde

Me skal jobba for ei berekraftig og framtidsretta utvikling. For å kunna trekkja dei store linene må ein styra etter tydelege og oppdaterte styringsdokument. Me skal og utvikla og leggja til rette for eit levande og attraktivt regionsenter, ein god stad å leva, bu, arbeida og besøkje med merksemd på berekraftig utvikling.

Samstundes som tenesteområdet skal driva utvikling, skal me driva god og effektiv forvaltning for både innbyggjarane våre og profesjonelle aktørar. Me har gode rutinar som gjer at saker vert handsama innan lovpålagte fristar. Det gjeld både byggjesak, oppmåling, handsaming av private planar og tilskot i landbruket. Direkte brukarrettleiing/kontakt har vore noko meir utfordrande i både 2020 og 2021 pga. koronarestriksjonar.

Voss herad har administrasjonen av veterinærvakt-tilskotet frå stat og kommunar i vårt område.

Om 2021 og viktige hendingar

I 2021 har ein fått erfaring med å forvalta etter både ny arealdel av kommuneplanen og ny sentrumsplan. Det er god støtte i å ha tydelege, overordna føringar/planar for ei heilskapleg utvikling og god infrastruktur. Etablering av ny avdeling; Prosjekt og utvikling, har vore eit godt tilskot for å få sett i verk prosjekt og planar som har vore jobba med. Det er ei vesentleg endring og eit viktig strategisk grep for å driva meir aktiv sentrumsutvikling. Det har skjedd framgang i fleire viktige sentrumsprosjekt, som til dømes aktivitetsparken.

Arbeidet med næringsplanen har pågått i 2.halvdel av 2021 og vil verta slutført i 2022. Korona og restriksjonar har lagt føringar på planlagt samarbeid med interessentar utanfor kommuneorganisasjonen. Næringsplanen skal etter planen vera ferdig 2022. Næringsavdelinga har vore utan leiar i heile 2021, men administrert direkte under kommunalsjefen.

Arbeid med fordeling av kompensasjonsrundane til næringslivet i høve store tap og utfordringar for næringslivet gjennom pandemien, har vore krevjande administrativt, men har likevel vore viktig for næringslivet på Voss.

Eit viktig middel for å kunna realisera viktige infrastrukturprosjekt er utbyggingsavtalar. Privat og offentleg samarbeid er avgjerande for at me skal kunna halda fram med å vera, og utvikla oss til å bli eit enda meir attraktivt regionsenter. Utbyggingsavtale med BaneNor om opparbeiding av teknisk og grøn infrastruktur rundt Voss knutepunkt, vart inngått i 2020. Arbeidet er gjennomført i 2021. Dette er viktig å trekkja fram som eit godt prosjekt som heilt klart gjer Voss meir attraktiv.

Gebyrsatsane for neste år vert redusert noko, slik at sjølvkostfondet ikkje aukar for mykje. Dette fondet er ein god tryggleik i drifta, fordi aktiviteten innanfor byggjesaker og oppmåling kan svinga frå år til år. Aktiviteten er styrt av aktiviteten i marknaden. Sjølvkostfondet sikrar år der gebyrinntektene og aktiviteten er lågare, og underskot kan dekkjast med midlar frå fondet. Prognosen gjennom heile året har vist at alle avdelingane samla har styrt mot balanse i budsjettet. Det har vore god kontroll på økonomien.

Hovudprioriteringar

- Vidareutvikla Vossevangen til det viktigaste regionsenteret for indre deler av Vestland med levande lokalsenter kringom i distrikta.
- Bidra til at heradet når måla i kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel
- Møta utfordringa med manglande eigedomstilhøve i utmark både innan landbruksforvaltning og oppmåling
- Møta innbyggjarane sine behov for meir digitale tenester og eit herad som ser deira behov
- Gjennomføra statlege forventingar innan landbrukspolitikken

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Plan - sakshamsaming	4 388	3 590	5 099	4 583	993
Bygge- og delesak	-837	-380	-1 189	-1 156	-775
Kart og oppmåling	2 959	3 044	3 284	3 326	282
Tilrettelegging og bistad for næringslivet	14 483	14 578	12 948	13 749	-829
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	2 515	3 279	3 002	3 044	-235
Sum	23 508	24 111	23 144	23 546	-564

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Lønn	16 005	17 263	16 584	-679
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 829	3 858	3 870	12
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 249	3 017	2 530	-487
Overføringsutgifter	14 130	34 441	26 099	-8 342
Finansutgifter	1 615	3 083	0	-3 083
Sum Driftsutgifter	37 827	61 661	49 083	-12 578
Salgsinntekter	-7 404	-9 195	-7 119	2 076
Refusjoner	-6 683	-28 355	-17 618	10 738

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Overføringsinntekter	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-233	0	-800	-800
Sum Driftsinntekter	-14 319	-37 550	-25 536	12 014
Netto resultat	23 508	24 111	23 546	-564

Kommentar til status økonomi

Tabellen syner at heile tenesteområdet enda opp med eit netto meirforbruk med omlag 0,6 mill kr. Dette skuldast at tilsvarande inntekstpostar for bruk av bunde fond er inntektsført til tenesteområde 16 finansielle postar/økonom. Justert for dette kan reelt resultat dermed seiast å vera netto balanse. Isolert sett utgjorde avdelingane plan, oppmåling og byggesak eit mindreforbruk med 0,3 mill kr. Samla forklaring av overskot skuldast vakante stillingar, lite bruk av konsulentmidlar og eit stort overskot på gebyrinntekter. I tillegg har det ikkje vore reisekostnadar med kurs og opplæring pga. koronarestriksjonar.

Byggesak og oppmåling er sjølvkostområde. Byggesak er 100 % sjølvkoststyrt, medan aktiviteten innafor oppmåling berre er delvis styrt av sjølvkost. Oppmåling har både oppgåver som er gebyrbelagte og andre lovpålagte oppgåver som ikkje vert finansiert gjennom gebyr. Oppmålingsforretningar er i tillegg avhengig av årstida, slik at vintermånadane ikkje kan inngå i sjølvkostrekneskapen.

Det har vore stor aktivitet og mange saker er handsama, noko som har generert mykje gebyrinntekter, både på byggesak og oppmåling. I tråd med lovverk for sjølvkostrekneskap er det avsett 1 mill til byggesaksfond og 0,6 mill til oppmålingsfond. Dette forklarar kvifor resultatet ikkje viser like stort overskot ved årsslutt som prognosen for november tilsa (mindreforbruk/overskot med 1,9 mill kr pr november).

Næring har ansvar for landbruksforvaltning, og spesielt statlege tilskotsordningar. Vidare konsesjonshandsaming, frådelingssaker, dispensasjonar frå Jord- og skogloven. Næringsavdelinga har ansvar for disponering av konsesjonskraftmidlar i Kraftfondet og har gjennom heile pandemien hatt all sakshandsaming i høve statlege kompensasjonsordningar til næringslivet som følgje av nedstenginga grunna korona. I 2021 fordelte Voss herad 21,3 mill kr til næringslivet, fordelt på 4 rundar.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Totalbudsjett		Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Økonomistatus
Industriefelt istad	22 899	1 020	4 654	59	Ikkje vurdert	
Industriefelt Istad - byggetrinn 3	0	0	0	2 243	Ferdig	Ihht plan
Sum	22 899	1 020	4 654	2 301		

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2020	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	Beskrivelse mål
----------	-----	-----------------------------	-----------	------	---------------------------	---------------------	--------------------

Attraktive Voss	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband		Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
------------------------	---	--	--	---------	---------	---------	--

Kostranalyse

	Voss herad 2020	Voss herad 2021	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Kostragruppe 11
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B)	-41	-85	60	10	6	22
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger (B)	428	302	470	192	308	351
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)	191	162	159	145	65	94
Kvalitet						
Dispensasjonssøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	38	20	44	22	69	55
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	14	10	18	6	32	29
Andre nøkkeltal						
Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år (B)	9	6	6	6	2	91

Samferdsel

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvesteringar i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Bømoen flyplass. Voss herad har 301 km kommunal veg (Voss 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten har fast dekke, resten er grusvegar. Tidlegare Voss kommune har 6 km gang- og sykkelvegar, om lag 135 bruer og 6 tunellar.

Avdelinga har og ansvar for flaumsikringstiltak. Eininga har og ansvar for verkstad som driftar og vedlikeheld kommunale bilar innklusiv maskinparken for heile Voss herad.

Om 2021 og viktige hendingar

Heradet fekk vedteke ein ny Trafikksikringsplan for Voss i desember 2021. Dette vert ein god reiskap for å prioritera trafikksikringstiltak samt som grunnlag for søknader om midlar til trafikksikring.

Eit av måla til tenesteområdet var å optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap. Bygg og eigedomsavdelinga og vegdrift har nytta eigen maskinpark betre gjennom sambruk av maskinparken. Dette arbeidet vil halda fram vidare for å effektivisera og auka bruken av maskiner ytterlegare og hindra større lager enn naudsynt. Det vart utarbeidd utbyggingsavtale på Brynalia i samband med utbygginga av ny politistasjon. Krav om ferdigstilling av delar av utomhusareal og gate/fortau, vil gjera at området framstår betre estetisk, men det viktigaste er at dei trafikale tilhøva vert bra både for mjuke og harde trafikantar. Lekvemokrysset kom eit steg vidare mot realisering, men arbeidet held fram i 2022. Det er ei utfordring å finna gode løysingar som og kan godkjennast av vegeigar.

Det vert utarbeidd ein modell av Vangen sentrum og vassvegane ned mot sentrum for å sjå om det er mogleg å stenga av viktige deler av sentrum for å hindra skader ved ein evt større flaum. Voss herad vil og delta som ein av 4 kommunar i eit prosjekt for utprøving av ulike former for varsling av flaum kalla FlaumRisk, dette er eit prosjekt i regi av NVE.

Hovudprioriteringar

- Effektiv drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- Auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar
- Halda fram arbeidet med å redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet
- Få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleiselag, då det er stort etterslep på vegvedlikehald
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Samferdsle	83	47	198	200	153
Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering	29 769	27 952	28 686	26 716	-1 236
Sum	29 853	27 998	28 884	26 916	-1 083

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Lønn	4 425	7 424	10 936	3 513
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	26 414	21 387	26 062	4 675
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	24	3	560	557
Overføringsutgifter	6 167	7 065	4 253	-2 812
Finansutgifter	7	1	0	-1
Sum Driftsutgifter	37 037	35 880	41 812	5 932
Salgsinntekter	-508	-325	-8 413	-8 088
Refusjoner	-6 676	-7 557	-4 533	3 024
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-1 950	-1 950
Sum Driftsinntekter	-7 184	-7 881	-14 896	-7 015
Netto resultat	29 853	27 998	26 916	-1 083

Kommentar til status økonomi

Revidert netto driftsbudsjett er på 26,9 mill, medan rekneskap viser 28 mill. Det vil seia eit meirforbruk på 1,1 mill. Øyremarka tilskot til vedlikehald og rehabilitering i samband med korona på 1,95 mill kr som var budsjettet inn til tenesta, er overført til andre føremål. Når ein tek høgde for dette, går samferdsel med eit mindreforbruk på 0,9 mill.

Spesielle forhold som lite snø i 2021, viser att på brøytebudsjettet som hadde eit mindreforbruk.

Budsjett på snø/strøing var på 6,3 mill. Utgifter i 2021 vart 3 mill kr, noko som gav ei innsparing på 3,3 mill. Innsparte midlar er nytta til sommarvedlikehald og asfaltering. Det er asfaltert for 3 mill i 2021 på kommunale vegar.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Økonomistatus
Bjørkevegen - vegfond (inv)	0	0	0	13	Ferdig	Ihht plan
Båt beredskap vatn og avløp	0	92	0	92	Ferdig	Ihht plan
Diverse anleggsmaskiner	7 843	0	7 843	0	Iht. plan	Mindreforbruk
Framneslii OV/VEG (drift)	0	0	0	32	Ferdig	Ihht plan
Gullfjordingsvegen-fortog	6 992	0	3 051	0	Iht. plan	Ihht plan
Kryss Skutle - Vikjeshovden	0	0	0	85	Ferdig	Ihht plan
vegutbetring						
Standardh.brue (inv.)	17 085	0	6 969	0	Iht. plan	Mindreforbruk
Trafikksikring Lekvemoen kryss	2 625	0	2 625	0	Forsinket	Mindreforbruk
Trafikksikringstiltak	7 823	0	3 235	0	Iht. plan	Mindreforbruk
Veginvestering/vegpakke	33 809	0	9 664	0	Forsinket	Mindreforbruk
Vegutbetring mur Bulken skule	0	0	0	-5	Ferdig	Ihht plan

Årsmelding Voss herad 2021

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status	Økonomistatus
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap		
Sum andre prosjekt	0	0	0	1 821		
Sum	76 176	92	33 387	2 037		

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	Ønska 2020 resultat	Oppnådd resultat 2021	Beskrivelse mål
Innovative Voss	Voss herad skal la seg utfordra av innbyggjarar, aktørar frå næringsliv, utdannings- og forskingsinstitusjonar og andre	Tilby og gjennomføra prosjektoppgåve for bachelor/master innan VA (tenestekområde 14) eller samferdsel (tenestekområde 11) som del av utdanning	0	1	Eit innovativt prosjekt på å nytta jordvarme til oppvarming og kjøling (doktorgradsarbeid) er påbegynt for Bømoen i 2021.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2020	Voss herad 2021	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Kostragruppe 11
Prioritet						
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,3 %	3,2 %	2,9 %	1,7 %	2,2 %	1,6 %
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B)	2 297	2 290	1 530	988	1 576	1 126
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)	2 307	2 298	2 115	988	1 424	989
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	91 197	77 781	74 723	86 811	84 865	129 757
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	129 043	126 286	144 968	114 800	278 108	225 057
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	99 542	92 860	84 617	82 097	90 937	133 113
Dekningsgrad						
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	18,94	18,96	10,97	10,42	5,87	5,58
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	20	20	8	6	15	14
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	73	73	18	304	109	123
Kvalitet						
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	52,5 %	52,8 %	14,9 %	71,9 %	3,6 %	5,4 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede	116	116	30	539	207	6 878
Kommunal vei og gate. Antall kilometer	299	301	188	185	111	3 130

Eigedom og bustad

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader og eigedomsforvaltning. Dei ulike typane formålsbygg høyrer til under dei respektive tenesteområda. Tenesteområdet har og ansvar for all drift og forvaltning av kommunale parkar, friområde, leikeplassar og nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangveggar og andre mindre samferdsle anlegg. Voss herad har eit samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene.

Om 2021 og viktige hendingar

Det er gjort organisatoriske grep for å auka effektiviteten og gjera kontrollspennet i avdelinga mindre gjennom å ansvarleggjera tilsette i større grad.

Leiar for Bygg og eigedom (BOE) slutta på våren og mellombels leiar tok over i august fram til ny leiar var på plass 1 mars 2022. Likevel fekk avdelinga gjennomført og starta opp fleire store prosjekt og vedlikehaldsarbeid.

Ny reinhaldsavdeling for heile Voss herad

Frå 2021 vart alle reinhaldstilsette i Voss herad samla under éi leiing i reinhaldsavdelinga. Målsettinga med ei samla avdeling var å betra samhandling, auka status på reinhaldsfaget og profesjonalisera reinhaldstenestene. Reinhaldsavdelinga har hatt ein utfordrande arbeidssituasjon i 2021 grunna pandemien og har vore sentrale i kampen mot smittespreiing på alle kommunale bygg. Felles avdeling gav moglegheiter til å bruka personalet på tvers av einingar der det var størst behov.

Ny avdeling Prosjekt og utvikling

I 2021 vart det oppretta ei eiga avdeling Prosjekt og utvikling. Eit viktig mål har vore å skapa samanheng (ein raud tråd) gjennom alle fasar i prosjektet, med god forankring mot brukarane og dei overordna planane og måla i Voss herad. Personane som jobbar med prosjekt i Prosjekt og utvikling og BOE skal fungera som eit team som har ulike ansvar i byggeprosjekta.

Målet for 2021 var å halda alle pågåande prosjekt i gang utan avvik, samt å skapa eit godt arbeidsmiljø og nytta ressursane i avdelingane best mogleg. Samstundes har målet vore å starta arbeidet med å byggja opp system og rutinar knytt til prosjektarbeid. Arbeidet skal samlast i ei byggeprosjekthandbok som då vert ein mal for alle typar prosjekt.

Prosjektavdelinga arbeider tett saman med Bygg og eigedom, men og mot brukarar/bestillarar. I starten av 2021 var det berre ein person tilsett, men avdelinga vart komplettert med ein person til i august. Det har vore mange store utbyggingsprosjekt siste åra og trong for ei prosjekt avdeling til å arbeida med

prosessar mellom brukarar og driftspersonell, sjå samfunnsperspektivet og finna fram til eit godt og gjennomarbeida prosjekt klart for bygging, har vore etterspurt lenge.

Prosjekt i 2021

Voss ungdomskule: Arbeid med utvikling av prosjektet og planlegging.

Barnehage Granvin: Reguleringsarbeidet er starta med nødvendige utgreiingar. Friis arkitektar jobbar no med å teikna ut barnehagen på ynskja tomt parallelt med at reguleringsplanprosessen på heile friarealet pågår. Ingen tal er utarbeida, då prosjektet er på skissestadiet.

Treningsparken: Oppføring av gråsteinsmurar for å verna treningsapparat og området mot flaum og nytt gummidেকে rundt apparata. Murar er oppført som «inventar» i landskapet der ein kan sitja og nyta utsikten mot Vangsvatnet.

Aktivitetsparken: Arbeidet med landskapsforming, amfi og murar starta opp i 2020 og vert fullført i 2022. Arbeidet med rulleparken og resten av parkarealet vert ferdigstilt våren 2022. Ein får dermed eit flott område som inviterer innbyggjarane våre til å nytta dette fine området til aktivitetar. Samarbeidet med frivillige som har arbeidd med finansiering i spleiselag med heradet, har vore utslagsgjevande for at aktivitetsparken har vorte realisert så raskt.

Gamlekinoen: Starta opp arbeid med eit forprosjekt. Oppdraget er tildelt Bruket arkitektur. Skal ferdigstillast ila sommaren 2022.

Brannstasjon: I 2021 vart det utarbeida framdriftsplan samt starta ei utgreiing kring innkjøp. Diskusjonar kring plassering og tidsplan har pågått. Tomtespørsmålet avklart, og arbeidet er prioritert i 2022.

Bergsliparken: Mogleighetsstudiet gjennomført og oppdrag tildelt Bruket arkitektur. Vidare arbeid vert truleg starta i april 2022. Det er sett av 1 mill.kr som skal nyttast til fyrste trinn i prosjektet.

Udlabui: Nytt bygg på Vetleflaten vart ferdigstilt og bebuarane er flytt inn

Brannstasjon på Vinje vart påbegynt i 2020 og stod ferdig november i 2021. Bygget som også vert nytta av Hjelpekorpsset, har fått namnet Beredskapshuset.

Tinghusplassen fekk si oppgradering med nytt skiferdekke, brusteinsdekke og grøntareal/park. Starta opp i 2020 og mykje ferdig i 2021. Manglar litt arbeid på grøntarealet som er tenkt utført i 2022.

Produksjonskjøkken: Arbeidet med nytt storkjøkken som tilbygg på Vetleflaten starta opp i 2020 og vert ferdig i 2022. Bygget inneheld kjøken som skal produsera mat til alle institusjonane på Voss.

Vangen Skule trinn1: Arbeidet med opprusting av Vangen skule tok til i 2021 og vert fullført i 2022.

Famac drift- og vedlikehaldssystem

Arbeidet med å få inn alle opplysningar om alle formålsbygg, bustader og eigedommar pågår for fullt og mange har teke i bruk Famac som det kommunikasjonssystemet det er meint å vera. Famac vil betra kommunikasjonen og verta meir effektive m o t oppfølging av brukarane.

Hovudprioriteringar

- Utøva god eigedomsforvaltning ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdisponert eller avhenda.
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt.
- Betra kommunikasjon internt i bygg og eigedomsavdelinga (BOE) og mellom BOE og brukarar, slik at vedlikehaldet kan gjennomførast meir planmessig og effektivt.

- Omorganisering av reinhaldstenesta for å få betre samordning og profesjonalisering av faget.
- Heva standard på offentlege fellesareal i sentrum, jf. arbeid med ny sentrumsplan.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Eigedsforvaltning	7 951	10 844	10 797	13 803	2 959
Interne serviceeiningar	-2 194	0	-1 177	19	19
Kommunalt disponerte bustader	1 323	2 996	2 785	1 095	-1 901
Parkar og plassar	3 629	-2 242	4 396	42	2 284
Sum	10 710	11 598	16 801	14 959	3 360

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Lønn	29 562	40 979	23 297	-17 682
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	17 850	11 067	25 150	14 082
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 013	10	0	-10
Overføringsutgifter	1 717	1 985	1 573	-412
Finansutgifter	2	13	0	-13
Sum Driftsutgifter	50 144	54 054	50 020	-4 035
Salgsinntekter	-35 304	-30 561	-28 621	1 940
Refusjoner	-3 902	-4 943	-2 026	2 917
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-228	-6 953	-4 414	2 539
Sum Driftsinntekter	-39 434	-42 456	-35 061	7 395
Netto resultat	10 710	11 598	14 959	3 360

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet hadde i revidert budsjett 15 mill til disposisjon, men det er berre rekneskapsført 11,6 mill. I avviket ligg det både meirutgifter og endå meir inntekter, og resulterer dermed i netto mindreutgifter med 3,4 mill.

Eigedsforvaltning har netto mindreforbruk med 3,9 mill, som skuldast vakante stillingar og at noko av det planlagde arbeidet også har blitt utsett på grunn av koronapandemien.

Interne serviceeiningar er ei teneste som vart fasa ut i løpet av rekneskapsåret. Denne tenesta vart nytta til reinhaldsavdelinga, bilverkstaden og vedlikehaldspersonell innafor bygg og eigedom og anleggsavdelinga for veg, vatn og avløp. Kostnader frå desse interne einingane vart deretter fordelt til dei rette KOSTRA-tenestene ut i frå forbruk. Bruk av dei interne ressursane kjem fram i rekneskapen som kjøp av varer og tenester, og mindreforbruk med 14 mill må sjåast i samanheng med meirforbruk på lønn med 17,7 mill. Kostnader for reinhald og vedlikehaldspersonell gjeld svært mange av

tenesteområda, slik at løn og kjøp av varer og tenester må sjåast i samanheng på dei fleste tenesteområda.

Kommunalt disponerte bustader hadde 2,8 mill i opphavleg budsjett, men vart redusert til 1,1 i revidert budsjett. Dette var eit resultat av utfasing av interne serviceeiningar. Grunnlag for budsjettendringa var registrert ressursbruk siste år. Rekneskap viser meirforbruk med 1,9 mill i høve revidert budsjett. Parkar og plassar hadde 4,4 mill i opphavleg budsjett, men vart redusert til omlag netto kr null. Rekneskapen endte opp i netto inntening med 2,2 mill. Dette skuldast bruk av bundne tilskotsmidlar til vedlikehald og rehabilitering frå 2020. Hovuddelen av arbeidet vart kostnadsført i 2021, og vart i revidert budsjett auka med 4,4 mill på teneste parkar og plassar. Rekneskapen viser at det vart brukt nesten 7 mill, som representerer eit avvik med 2,5 mill. Midlane vart overført til investering, men gjev likevel tydelege utslag på netto-tala i driftsrekneskapen. Sjølvve drifta av parkar og plassar viste ingen vesentleg skilnad frå tidlegare år.

Reinholdsfunksjonen omfattar mange tilsette, men utgjør ein mindre del innafor kvart av dei ulike tenesteområda. Det er svært positivt at omorganiseringa av reinholdsavdelinga har ført til pluss i rekneskapen i høve budsjett med 0,9 mill. Dette må sjåast på som ein rein gevinst etter omorganiseringa allereie i 1.driftsår.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status	Økonomistatus
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap		
Aktivitetspark på prestegardslandet	0	2 156	0	2 076	Ikkje vurdert	
Aktivitetspark/festivalområde	8 734	0	1 170	0	Iht. plan	Ihht plan
Aktivitetsparken - del 2 amfi	0	3 916	0	3 916	Ikkje vurdert	
Bustad Røynstrandsvegen	0	3 815	0	3 815	Ferdig	Ihht plan
Doosan DX140W-3 hjulgravar	0	0	0	929	Ferdig	Ihht plan
EK61361	0	159	0	159	Ferdig	Ihht plan
Felleslager Boe og vegdrift-istadmyrane	18 710	18 358	760	444	Ferdig	Mindreforbruk
Fjordparken i Granvin	2 836	3 384	0	44	Ferdig	Ihht plan
Kjøp nye bilar	13 846	1 337	593	828	Iht. plan	Ihht plan
Lundhaugen omsorgsbustader	29 805	323	551	0	Ferdig	Mindreforbruk
Maskiner og utstyr snikkarverkstad	531	0	295	0	Iht. plan	Mindreforbruk
Tinghusplassen - uteområde tinghuset	4 512	9 587	4 348	9 381	Ikkje vurdert	
Udlabutomta	64 753	62 821	0	12 891	Ferdig	Mindreforbruk
Sum	143 727	105 855	7 717	34 484		

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse	Indikator	2020	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	Beskrivelse mål
Attraktive Voss	Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar		Nyetablering av alternative bustader	0	12	20	
Innovative Voss	Tilby ei stor breidde av læreplassar i Voss herad		Engasjera læringar innanfor tekniske fag	0	1	0	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2020	Voss herad 2021	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Kostragruppe 11
Prioritet						
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	7	6	5	4	4	4
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner	3 183	1 052	3 032	1 431	1 840	804
Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B)	407	582	23	-85	38	41
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B)	6 479	7 042	5 706	7 201	4 089	5 323
Netto driftsutgifter til kommunal forvaltning av eiendommer (F121) per innbygger (B)	564	789	71	462	-28	266
Produktivitet						
Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B)	23 683	31 435	939	-7 679	2 653	2 211
Dekningsgrad						
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	19	20	26	13	15	20
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall søknader siste år	153	135	143	39	72	4 057
Antall utleide boliger per 31.12	271	294	427	196	271	10 405

Totalt antall kommunalt disponerte boliger (antall)	293	316	448	230	282	11 180
Andre nøkkeltal						
Netto driftsutgifter (335)	4 612	5 517	4 829	571	3 268	151 337
Rekreasjon i tettsted						

Brann og ulukkesvern

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane. Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen, her under oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar stasjonert på Evanger, Vossestrand og i Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

Voss brannvern sel brannsjeftejenester til nabokommunane Ulvik herad og Eidfjord kommune.

Om 2021 og viktige hendingar

Representantar frå Voss brannvern deltok også i 2021 i fleire arbeidsgrupper i samarbeidet Vestbrann- og redningsregion (VBR). Alle medarbeidarar har fått naudsynt kurs/opplæring innanfor gjevne økonomiske rammer og kompetanseplan. Alle mannskap har gjennomført sine lovpålagte øvingar. Fysisk test av røykdykkarar er gjennomført. Litt mindre øvingar enn planlagt på alle stasjonar pga. Covid-19, etter råd frå FHI/Voss herad.

Det er gjennomført til saman 83 ulike tilsyn med eigarar og brukarar i A, B og C objekt.

Det vart varsla tilsyn i 1532 fyringsanlegg i 2021. Det er varsla feiing i 3610 skorsteinar i 2021.

Fyringsanlegg i bustader og hytter skal ha feiing og tilsyn etter behov. I tillegg er det utført 8 bekfjeringar samt mange bud.

Hovudprioriteringar

Oppfylgning av Arbeidstilsynet sitt tilsyn vedk. eksponering av støv, gass og brannrøyk pågjekk gjennom heile 2021. Ny brannstasjon på Vossestrand vart ferdig og teken i bruk i desember 2021.

Heradsstyret løyvde i desember 2021 budsjettmidlar til prosjektering og bygging av ny hovudbrannstasjon. Dette førte til at Arbeidstilsynet valde å lukka avviket i desember 2021.

Etter politisk handsaming i 2021 om ikkje å leggja ned Evanger stasjon, går ein inn i 2022 med uendra tal bistasjonar. Altså som før med bistasjonar på Evanger, Vossestrand og Granvin.

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om brann- og redningstenester mellom Voss herad og nabokommunane Eidfjord og Ulvik starta opp 01.01.2020. Dette samarbeidet har fungert godt også i året som gjekk, og styrkjer felles brannførebygging og beredskap i heile regionen. Det er investert i ny el-bil for tilsynsavdelinga, jfr. klimamålsetjinga.

Brann og redning er samfunnskritiske tenester og det vart også i 2021 gjort ulike tiltak for å sikra at både operativ teneste og førebyggjande aktivitetar skulle vera operative til ei kvar tid trass i mogleg utbrot av Covid-19.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Førebygging brann og ulukker	535	1 358	847	967	-391
Beredskap brann og ulukker	11 059	11 939	11 666	11 704	-235
Sum	11 594	13 297	12 513	12 672	-625

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik i kr
Lønn	13 309	14 588	13 998	-590
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 980	3 839	3 778	-62
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	977	1 036	924	-112
Overføringsutgifter	550	475	442	-33
Finansutgifter	4	1	0	-1
Sum Driftsutgifter	18 820	19 939	19 141	-797
Salgsinntekter	-5 996	-6 107	-5 940	167
Refusjoner	-789	-535	-442	93
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-440	0	-88	-88
Sum Driftsinntekter	-7 225	-6 642	-6 470	172
Netto resultat	11 594	13 297	12 672	-625

Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk med 0,6 mill totalt for tenesteområdet, og skuldast i hovudsak pensjonskostnader. I budsjettendring i sak 87/21 behandla av heradsstyret desember 2021, vart finansiering av brakker/garderober på 300 000 frå disposisjonsfond teken bort. Dette forklarar i hovudsak overskridinga.

Førebygging brann og ulukker inneheld gebyrbelagt teneste feiing og vert gjort opp som sjølvkostrekneskap. Etterkalkyle viste meirforbruk med 0,7 mill. Sjølvkostfond for feiing vart brukt opp i

2020, slik at det i 2021 ikkje er tilgjengeleg fondsmidlar til å dekkja underskotet. Dette medfører at underskotet vert synleg i driftsresultatet for 2021, og må dekkjast av gebyrinntekter i dei komande åra.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status	Økonomistatus
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap		
Brannstasjon Vossestrand	12 610	13 324	8 235	11 022	Forsinket	Merforbruk
Kjøp nye bilar	6 120	2 981	99	0	Iht. plan	Ihht plan
Kjøp nye bilar brann/feiing	3 745	2 572	600	2 572	Iht. plan	Ihht plan
Sum	22 475	18 876	8 934	13 594		

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2020	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	Beskrivelse mål
Innovative Voss	Tilsette og leiarar skal ha kompetanse og mynde til å gjennomføra kontinuerleg forbetningsarbeid		Tryggast mogeleg arbeidsmiljø for brannmannskap og feiarar, der tilsette ikkje får skadar i arbeidssituasjon. Tal innmeldte yrkesskadar	1	0	0	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Voss herad 2020	Voss herad 2021	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Kostragruppe 11
Prioritet						
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	11,8	13,7	15,5	16,1	11,8	17,4
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B)	832	920	1 765	904	683	910
Kvalitet						
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	509	509	402	215	532	357
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall A-objekter	115	116	0	71	91	1 968
Antall A-objekter med tilsyn i løpet av året	88	76	0	35	28	561
Antall piper i alt	11 441	11 504	0	9 217	6 214	167 778
Antall utrykninger (antall)	187	217	266	286	223	9 783

Vatn, avlaup og renovasjon

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet femner om drift, vedlikehald og investering i kommunale vass- og avlaupsanlegg (VAanlegg).

Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS).

Om 2021 og viktige hendingar

Det er jobba med å redusera vasslekkasjar på kommunalt leidningsnett. Lekkasjar er søkt opp med måling, lytting og deretter utbetra. I tillegg er leidningsstrek med dårleg kvalitet fornya. Frå 2019 til og med 2021 er lekkasjar redusert med 26 %. Berre i 2021 viser prognosar at me har fått redusert lekkasjar med 18 %.

Det er i 2021 etablert ca. 10 000 meter med nye vass- og avløpsleidningar i form av rehabilitering av eksisterande leidningsnett og etablering av nytt leidningsnett som til dømes ny hovudvassleidning til Bømoen vassverk.

Gjernesmoen reinseanlegg har utført prosjekt med optimalisering av gassleidning og tilhøyrande anlegg til rotnetanken. Dette har resultert i ein produksjon på 1,0 kWh varme per produsert Nm3 metan (63% metan) = 0,63kWh varme pr. m3.

- Snitt produksjon biogass døgn: 560 m3/d
- Snitt produksjon biogass time: 23,3 m3/h
- Varmeenergi: 14,7 kWh, 352,8 kWh/døgn, 128 772 kWh/ år.

Optimalisering av anlegget har medført at produksjonen av biogass har auka med 30 %.

Avdelinga har totalt 18 medarbeidarar, og har stor utfordring med å behalda og rekruttera medarbeidarar. Det er stor etterspurnad etter fagfolk med VA kompetanse. Heradet konkurrerer mot andre offentlege etatar, konsulentar og entreprenørar.

Området er i vekst med stadig nye abonnentar og får stadig utvida sitt leidningsnett ved nyetablering og ikkje minst stor hytteutbygging mellom anna i Myrkdalen.

Hovudprioriteringar

Planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen pågår, men i år har me grave og lagt ned vatn og avløpsrør frå anlegget og ut til kopling mot eksisterande anlegg. Gjennomføra utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan. Det er oppretta ein kommunal prosjektorganisasjon som skal gjennomføra hovudplanen i Myrkdalen knytt opp mot driftsavdelinga i Voss herad. Det er tilsett prosjektleiar og prosjektmedarbeidar, og organisasjonen vil vera operativ frå februar 2022.

Etablera langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett. Oppfølging av hovudplan avløp.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Avvik i kr
Produksjon av vatn	5 410	6 900	6 338	6 366	-535
Distribusjon av vatn	-11 035	-13 303	-13 000	-13 034	269
